

Årsmelding

2008

Eidsfossen Sykkelklubb



*Trygve Henden Gaasø, Kjetil Eide og Arne Nesgård under Eidsfossen Grand Prix 2008
(foto Erlend Eide)*

Velkomen til Årsmøte i Eidsfossen Sykkelklubb Gloppebua 15. mars 2009 kl 17.00

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteiar, sekretær og to til å skrive under møteboka
3. Innkomne saker til styret
4. Godkjenning av årsmelding
5. Godkjenning av rekneskap
6. Godkjenning av kontingent for 2008
7. Val
Årsmøtet er slutt

Matøkt

I etterkant av årsmøtet;
Preimeutdeling lagsmeisterskap

Ordet fritt:

Drøfting av opplegg for fellestreningar, klubbmeisterskap, konkurransar m.m

Styresamansetning

Følgjande styre blei valt på årsmøtet 9. mars 2008:

Leiar: Vidar Eide

Nestleiar og kasserar: Kjetil Eide

Styremedlem og sekretær: Dag-Arne Eide

Styremedlem: Helge Roska

Styremedlem: Else Pernille Eide

Varamedlem: Kjersti Rønningen

Revisorar: Arne Myklebust og Allan Mardal

Valnemnd: Arne Nesgård og Henry Hammersland

Medlemstal

Klubben har ved utgangen av 2008 99 medlemmar.

Møte og saker

Det har i 2008 vore avhalde 5 styremøte og handsama 24 saker, men enkelte av sakene har gått igjen på fleire møte, slik at talet på separate saker er lågare. Årsmøtet blei avvikla på Glippebua 9. mars. I etterkant av årsmøtet var det ein diskusjonskveld omkring opplegget med fellestreningar mm. 12. november var det klubbkveld der 10 personar møtte.

Nettsider

Eidsfossen Sykkel har no over fleire år hatt egne nettsider med adressa <http://home.no.net/eidsfoss/>

Sidene har i 2008 hatt i overkant av 20000 treff, noko som tilseier 55 pr. dag. Dette er ei fin auke frå 2007. Diskusjonsforumet har vore flittig i bruk, og vert mellom anna nytta til annonsering av fellestreningar og referat i etterkant av desse. Dei 2 biletarkiva har blitt fylt med bilete jamt og trutt utover året. Nettredaktør er Vidar Eide.

Sportslege resultat 2008

Sykkelritt

Medlemar frå Eidsfossen Sykkel har 48 rittstartar i 2008, fordelt på 23 personar i 10 sykkelritt. Dette er ein fin framgang både i tal ritt klubben har vore representert i, og med tal deltakarar i kvart av ritta.

Jølster rundt 25. mai:

Sesongen starta med landevegsrittet Jølster Rundt, der klubben hadde 8 mann på startstrek. 4 av desse gjorde ein svært sterk innsats og kom til mål i tetfeltet. Det var Trygve Henden Gaasø, Arne Nesgård, Helge Roska og Henry Hammersland. Vidar Eide, kom i mål saman med andre gruppe,

Arne Myklebust og Svein Petter Tveit like bak med tredje gruppe, og Jon Myklebust litt lengre bak. Ein fin auke i tal deltakarar frå klubben samstundes med sterk sportsleg framgang i dette rittet.

<http://www.fordeck.org/>



Arne Nesgård og Henry Hammersland i føringa under Jølster Rundt (foto: Håkon Gaasø)

Bergen-Voss 8. juni:

Her hadde klubben med 4 mann. Ole Marius Gloppestad gjorde ein framifrå innsats og kom inn på den sterke tida 4 timar 44 min. Flott innsats også av dei tre øvrige; Olav Henden 4.55, Helge Roska 5.22 (med to punkteringar!) og Svein Petter Tveit 5.46.

<http://www.bergenck.no/comweb.asp?segment=5&session=>

Nibberittet 15. juni:

Åtte mann stilte på startstrek i dette sykkelrittet som ein vel trygt kan kalle eit motbakkeritt. Start ved sjøen i Geiranger sentrum og mål etter 21 km på Dalsnibba 1500 moh. Dette var eit svært flott arrangement i spektakulære omgjevnader og i nydeleg ver !

Flott innsats av fleire, Arne Nesgård var bestemann tidsmessig på tida 1,26,26 som gav ein flott 16.plass av 89 deltakarar i klasse M30-39 år. Trond Midtkandal debuterte i sykkelritt, og kom i mål på fjelltoppen på den sterke tida 1,28,03 som gav han ein 13.plass av 108 deltakarar i M40-49. Høgst på resultatlistene kom imidlertid Dag-Arne Eide som blei nr.5 i klasse M 50-59 på tida 1,28,38. Øvrige deltakarar var Henry Hammersland, Helge Roska, Øystein Sundal, Arne Myklebust og Vidar Eide.

5 andre frå klubben gjekk same dag Geirangermarsjen, dei siste 5-kilometerane av sykkelløypa frå Djupvasshytta til Dalsnibba, og fekk sin velfortente medalje for den prestasjonen.

<http://www.frafjordtilfjell.com/hoved.php?valg=2>



Deltakarane på Nibberittet og Geirangermarsjen 2008 samla på toppen etter målgang (foto Ingrid Berger)

Alperittet 21. juni:

Alperittet er eit 42 kilometer langt terrengritt på Stranda på Sunnmøre. Rittet hadde i 2008 3 deltakarar frå Eidsfossen Sykkel på startstrek, noko som var ein tilbakegang frå tidlegare år. Men det sportslege sto ikkje på nokon måte tilbake frå det som tidlegare har vore prestert her. Dag-Arne Eide tok klassesigeren i M50 og Kjetil Eide andrelassen i M40, fattige 7 sekund bak vinnaren! Elles deltok også Vidar Eide.

<http://www.alperittet.com/sykkel1.htm>

Hallingrittet 21. juni:

Kjersti Rønningen deltok på dette 42 km lange terrengrittet på Golsfjellet som einaste deltakar frå klubben. Ho sikra seg ein flott 4.plass i K40-klassa.

<http://www.hallingrittet.no/>

Vestmarkrittet 28. juni:

Vidar Eide deltok på dette 45 km lange terrengrittet i Vestmarka med start og mål i Asker. Han enda som nr.78 av 156 deltakarar i si klasse.

<http://vestmarkrittet.ack.idrett.no/>

Nissan MTB Junior 1. august:

Dagen før Grenserittet blei det arrangert eit terrengritt i området på og omkring Fredriksten Festning i Halden. Her deltok Mari Sollid Eide, og ho sykla sterkt og blei nr. 9 av 22 stk i klassa 12-14 år.

Grenserittet 2. august:

4 stk. på startstrek i det 80 kilometer lange terrengrittet over grensa mellom Strømstad og Halden.

Kjetil Eide blei nr. 60 av 820 deltakarar i klasse M40-44, og Vidar Eide nr. 190 i same klassa. Begge sette ny personleg rekord, og blei premierte. Kjersti Rønningen gjorde også ein finfin innsats og blei også premiært for sin 29. plass av 142 deltakarar i K40-44. Allan Mardal blei nr. 439 i klasse M45-49.

<http://www.grenserittet.com/>

Klosterrittet 9. august:

Jørn Lothe stilte som einaste lokale deltakar på dette terrengrittet over 56 km i Bergen. Han gjorde ein framifrå prestasjon og blei nr. 2 av 21 deltakarar i klasse M40.

<http://klosterrittet.no>

Eidsfossen Grand Prix 19. august:

Vårt eige ritt blei arrangert for åttande gong på Eide. I år var det igjen solskin, og ny deltakarrekord blei notert. Totalt var det 139 deltakarar med stort og smått på startstrek. I Kongle-rittet for dei yngste borna, i regi av Sparebanken Sogn og Fjordane, var det 61 deltakarar. I familieklassa 48, og i dei ulike konkurranseklassane 30 stk. Også i år stilte Olav K Henden AS/G-sport med ein flott sykkel som hovudpremie. Sparebanken Sogn og Fjordane støtta også arrangementet i betydeleg grad som tidlegare.

<http://home.no.net/eidsfoss/hovedside2007.html>



Starten har gått under Eidsfossen Grand Prix (foto Margot Nesgård)

Birkebeinerrittet 30. august:

Det 92 kilometer lange Birkebeinerrittet er sesongens store mål for fleire av sykklistane i klubben. I 2008 var det rekordstor tropp frå Gloppen som

reiste, 17 personar frå klubben stilte på startstrek. I same reisefølgje deltok også 4 andre frå distriktet som ikkje er medlemar av klubben. Det er kvart år lagt opp til ei sosial råde kring arrangementet med innleigd eigen buss dei tre siste åra.

Resultatmessig blei det eit stort steg framover for alle deltakarane. Alle 14 frå Eidsfossen Sykkel som hadde delteke tidlegare, sette nye personlege rekordar! 11 mann under 3.30 og 13 merke seier vel sitt om at dei fleste hadde hatt full klaff med treningsopplegget denne sesongen!
Deltakaroversikt med mellomtider og strekktider nedanfor:

	Skramstad		Bringebu		Kvarstad		Storåsen		Mål	klasse	plass	delt.
Trygve Henden Gaasø	28,12	33,09	1,01,21	42,59	1,44,20	42,41	2,27,01	36,31	3,03,32	M18	10	134
Arne Nesgård	29,37	34,45	1,04,22	45,54	1,50,16	43,19	2,33,35	36,49	3,10,24	M35	119	2532
Kjetil Eide	29,12	34,30	1,03,42	43,36	1,47,28	47,25	2,34,53	37,28	3,12,21	M40	151	2677
Edvard Fjellestad	30,15	34,24	1,04,39	46,54	1,51,33	45,10	2,36,43	38,44	3,15,27	M35	185	2532
Henry Hammersland	30,31	36,04	1,06,35	45,55	1,52,30	46,18	2,38,48	37,54	3,16,42	M45	126	1897
Jørn Lothe	29,55	36,14	1,06,09	46,53	1,53,02	46,22	2,39,24	39,02	3,18,26	M40	282	2677
Dag-Arne Eide	29,51	36,57	1,06,48	47,17	1,54,05	46,38	2,40,43	38,32	3,19,15	M50	68	1200
Helge Roska	30,24	37,05	1,07,29	47,17	1,54,46	45,59	2,40,45	38,40	3,19,25	M40	307	2677
Vidar Eide	31,54	37,55	1,09,49	46,47	1,56,36	47,54	2,44,30	38,38	3,23,08	M40	423	2677
Olav Henden	32,37	38,02	1,10,39	48,38	1,59,17	48,49	2,48,06	40,15	3,28,21	M40	576	2677
Arne Myklebust	31,52	38,53	1,10,45	48,55	1,59,40	49,57	2,49,37	40,22	3,29,59	M50	204	1200
Øystein Sundal	33,50	44,00	1,17,50	53,34	2,11,24	54,56	3,06,20	46,12	3,52,32	M50	527	1200
Magne Moritsgård	34,36	44,17	1,18,53	55,23	2,14,16	55,58	3,10,14	43,32	3,53,46	M45	919	1897
Øystein Røneid	32,10	40,25	1,12,35	59,57	2,12,32	59,48	3,12,20	45,12	3,57,32	M25	356	823
Ragnhild Sollid	37,36	45,44	1,23,20	54,40	2,18,00	56,56	3,14,56	48,07	4,03,03	K35	54	403
Kjersti Rønningen	40,22	43,21	1,23,43	58,32	2,22,15	1,00,20	3,22,35	43,50	4,06,25	K40	93	446
Jostein Flølo	45,53	1,09,15	1,55,08	1,12,55	3,08,03	1,14,15	4,22,18	59,46	5,22,04	M55	579	636

Tidene i tabellen er ikkje direkte samanliknbare i det deltakarane hadde ulike startposisjonar og dermed ulikt nivå på dei samstundes startande.

<http://www.birkebeiner.no/ritt/>



Ragnhild Sollid mot mål til ein sterk personleg rekord. For denne prestasjonen blei ho kåra til "Årets namn" i klubben i Birkebeinerrittet 2008, i den uhøgtidlege avstemninga i etterkant av rittet. (Foto Helge Roska)



Ein uhøgtideleg intern konkurranse er kampen om dei ulike trøyene. Frå venstre Kjetil Eide med spurttrøye for beste tid frå toppen ned til mål, vinnartrøye for beste sluttid Trygve Henden Gaasø, og Arne Nesgård vinnar av klatretrøye som bestemann i motbakkepartiet opp mot Storåsen. Trygve hadde bestetid på alle desse etappane. (foto Vidar Eide)

Motbakkeløp

Medlemar av Eidsfossen Sykkel har delteke på fleire motbakkeløp rundt om i Sogn og Fjordane med fleire klassesigrar og sterke prestasjonar elles.

Svinestrandsløpet 22. juni:

I det lokale Svinestrandsløpet markerte klubben seg i tydeleg grad på resultatlistene, både med mange deltakarar og sterke resultat. Klassesiger til Dag-Arne Eide og andreplassar til Trond Midtkandal og Erlend Eide. Trygve Henden Gaasø vann også si klasse, men representerte i denne samanhengen Fjellhug/Vereide. Eidsfossen Sykkel vart nr to i lagkonkurransen der dei tre beste frå klubben var teljande. Dette løpet var også lagt inn som eit uhøgtideleg klubbmeisterskap i motbakkeløp.

<http://idrett.speaker.no/organisation.asp?WCI=wiKlubbKassaNews&WCU=610000&CatId=101963>

Skåla 1848 m rett opp 18. august

Eidsfossen Sykkel hadde også mange på startstrek under Adidas Skåla 1848m Opp. Sterkast i dette tøffe løpet var Trond Midtkandal på tida 1,26,16, noko som gav han ein andreplass i klasse M40. Jørn Lothe (6), Henry Hammersland (9) og Dag-Arne Eide (10) plasserte seg også mellom dei 10 beste i sine klasser. Andre deltakarar var Olav Fuglestrand, Helge Roska, Arne Nesgård, Arne Myklebust og Vidar Eide

<http://www.skaala.no/>



Medlemar frå klubben har også delteke i andre motbakkeløp med stort hell. Mellom anna blei Erlend Eide totalvinnar av Kletten Opp i Naustdal (løyperekord). Andre motbakkeløp med deltakarar frå klubben er Ulriken Opp i Bergen, Vetendløpet i Bremanger, Storehesten Opp i Bygstad, Eggenipa Opp på Breim, Fanaråken Opp, Saudehornet Opp i Ørsta og Stolzekleiven Opp i Bergen.

Biletet viser Henry Hammersland på veg mot toppen av Eggenipa (foto Ragnhild Sollid)

Andre idrettsarrangement:

Breimstafetten

Eidsfossen Sykkel stilte med eitt lag på Breimstafetten i Open klasse. Laget enda på femteplass.

<http://www.breim.no/stafett/>

Duathlon

Kjetil Eide deltok som einaste frå klubben under "Kleiva Opp" i Randebygda i Stryn. I duathlon-klassa (sykkel og løp) var det berre to deltakarar.

Triathlon

Triathlon i Hyen er eit lokalt arrangement som fleire frå klubben brukar å delta i. Trygve Henden Gaasø blei totalvinnar. Øvrige deltakarar frå klubben var Jørn Lothe, Kjetil Eide, Arne Myklebust og Vidar Eide. Desse fire siste gjennomførte ei heller svak symjeetappe, men klatra sakte men sikkert oppover resultatlista utover i løpet. Jørn blei til slutt nummer 2 i seniorklassa, like framfor Kjetil.



Innspurten under Triatlon i Hyen, Jørn Lothe sikrar andreplassen i seniorklassa framfor Kjetil Eide (foto Henry Hammersland)

Skirenn

Fleire klubbmedlemar har også delteke i ulike skirenn, som f.eks Birkebeinerrennet og Rypeskarrennet, men har i denne samanhengen stort sett representert Fjellhug/Vereide.

Birkebeinerløpet:

Klubben hadde fire deltakarar med på Birkebeinerløpet på Lillehammer 20. september, Jørn Lothe, Edvard Fjellestad, Olav Fuglestrand og Vidar Eide. Dei tre førstnemnde klarte merket, og Jørn og Edvard klarte merket i alle tre Birkebeinerarrangementa og fekk begge den høgthengande tittelen "Superbirkebeiner". Vidar fullførte også trippelen, men med merke kun på sykkelrittet.

Fellestreningar

Det har vore sett opp 39 fellestreningar/klubbritt i 2008, frå 2. april til byrjinga av september. Totalt har 35 ulike personar møtt opp på desse, totalt tal oppmøte på desse personane er 288, noko som gjev eit gjennomsnittleg oppmøte på 7,4. Oppmøtet var godt på vårparten og låg då over 10 pr. trening i gjennomsnitt, men fall naturleg nok betydeleg når ferietida sette inn. Noko auke igjen på seinsommaren. Alt i alt var oppmøtet (og kvaliteten?) på desse treningane langt betre enn tidlegare år. Flest deltakingar har Vidar Eide med 28 (71,8%), tett følgd av Helge Roska og Henry Hammersland med 26 (66,7%). Arne Myklebust glimra med sitt fråvær på våren, men var ivrigast av alle på siste del av sesongen, og enda opp på 21.



Treningstur på Føleide, april 2008 (foto Vidar Eide)

Hausten 2008 har det vore intervalltreningar på sykkel i Austrheimsbakkane. Ein lovnad om julebord frå Helge Roska til dei som deltok på 11 treningar eller meir viste seg å vere ei gulrot som medførte høgt oppmøte i 15 veker fram mot jul. 9 mann deltok på 11 eller fleire treningar, og kvalifiserte seg dermed til julebordet 19. desember.

Nytt av året har vore egne treningar for born og unge, og for damer. Barnetreningane viste eit flott oppmøte ved starten i mai med heile 34 stk, men dala noko utover året. Nokre faste var likevel ivrige og møtte jamt og trutt opp. Desse treningane føregjekk for det meste i Eidsmona, men nokre grupper har også vore på litt lengre turar som f.eks rundt Ryssdalen.



Initiativtakar til dametreningane har vore Kjersti Rønningen, og deltakratalet vore kring 5 stk, men nokre gongar færre. Ein positiv tilvekst til klubben sitt aktivitetstilbod!

Lagsmeisterskap

Klubben hadde for andre gong eit opplegg med ei rekkje lagsmeisterskap, der ein samanlagtvinar blei kåra. 5 konkurransar vart gjennomført, eitt temporitt, eitt motbakkeløp (Svinestrandsløpet), eitt terrengritt (Eidsfossen Grand Prix), Birkebeinerrittet, og ein fellesstart landeveg. 4 konkurransar var teljande. Klar samanlagtvinar og klubbmeister for andre år på rad blei Trygve Henden Gaasø.

Nedanfor følgjer resultatliste med plassiffer:

		Tempo	Motbakkeløp	Terreng	Birken	Fellesstart	Sum
1	Trygve Henden Gaasø	1	1	1	1		4
2	Arne Nesgård	2	9	3	2	1	8
3	Kjetil Eide	5	5	2	3		15
4	Jørn Lothe	4	7	4	6	2	16
5	Edvard Fjellestad	6	4	5	4	4	17
6	Henry Hammersland	3	6	7	5	5	19
7	Helge Roska	7	10	6	8	6	27
8	Vidar Eide	8		10	9	8	35

9	Arne Myklebust			9	11	7	27
10	Olav Henden	10		8	10		28

11	Dag-Arne Eide		8		7		15
12	Øystein Sundal			11	12		23

13	Trond Midtkandal		2				2
14	Erlend Eide		3				3
14	Ole Marius Gloppestad					3	3
16	Svein P. Tveit	9					9
16	Jon Myklebust					9	9
18	Magne Moritsgård				13		13
19	Øystein Røneid				14		14
20	Jostein Flølo				15		15

	Kvinner:						
1	Ragnhild Sollid			1	1		2
2	Kjersti Rønningen				2		2

Sponsor/Klubbavtale

Klubben har inngått 3-årige klubbavtaler med Olav K. Henden AS og Sparebanken Sogn og Fjordane.

Klubben sine medlemmar får rabatt på sykklar og sykkelutstyr kjøpt hos O.K.Henden, og firmaet støttar Eidsfossen Grand Prix med premiar. Eidsfossen Grand Prix har også sikra seg fast betydeleg støtte frå Sparebanken Sogn og Fjordane i tre år framover.



Trenar:

Kjetil Eide har i 2008 gjennomført både trenar 1 og trenar 2 kurs i regi av Norges Cykleforbund. Det første kurset hadde fokus på sykkeltraining for born, og det andre på vidarekomne/eldre ungdom.

Kleskolleksjon:

Det er bestilt inn nye klubbdrakter like før jul i 2008. Styret har beslutta at det skal vere eit visst lager tilgjengeleg for kjøp for klubben sine noverande medlemmar, og nye som måtte kome til. Ein god del av kapitalen som stod på konto ved årsskiftet vil gå med til dette.

For styret i Eidsfossen Sykkel, januar 2009

Vidar Eide

-leiar-

REKNESKAP EIDSFOSSEN SYKKELKLUBB

2008.

<u>INNTEKTER</u>	<u>UTGIFTER</u>
Medlemskap: 8050,-	Husleige: 100,-
Klubbekledning: 30119,-	Adm./kontor: 92,50
Gåver/kulturmidlar: 7500,-	Kontoutgifter: 29,-
Premiar: 1500,-	Premiar: 112,50
E.Grand Prix 2008: 3957,-	Annonsar: 477,50
Birkur 2008: 16215,-	Utstyr: 140,-
<u>Renteinntekter: 285,-</u>	Norges Cykleforbund: 1500,-
Sum Inntekter: <u>67626,-</u>	Klubbekledning: 33333,50
	Kurs: 500,-
	Birkur 2008: 17000,-
	<u>Forsikring: 1800,-</u>
	Sum Utgifter: <u>55085,-</u>

Overskot 2008: 12541,-

Konto 31/12/07: 15733,-

Konto 31/12/08: 28274,-